



Fylkesmannen i Hordaland
Sandset, Ingunn Landro

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/122 - 15/21893

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
11.06.2015

Søknad om kompetansemidler til barnehagane i Lindås 2015.

Viser til brev frå Fylkesmannen datert 25.02.2015 der Lindås kommune vert orientert om at det kan søkjast om kompetansemidler til barnehagane i kommunen. Rådmannen søkjer med dette om desse kompetansemidlane, kr 153 241.

Som bakgrunn for søknaden legg me ved *Kompetanseplan 2014 – 2020, barnehagane i Lindås og Kompetanseplan for Nordhordland kursregion 2014 – 2017*. Desse planane byggjer på strategi for *Kompetanse for framtidens barnehage 2014 – 2020*.

I styrarmøte våren 2015 har kompetanseplanen for Lindås vore opp til evaluering / mogelege justeringar. Styrarane ønskte ikkje å gjere endringar på planen då fleire av punkta i planen no er kome i gang, men skal jobbast med i komande barnehageår og. Her kan nemnast:

- Kursrekke i *Kvalitetsarbeid og endringsleiing* for det pedagogiske personalet i barnehagen.
- Prosjektarbeid for å lage handbok i arbeidet med minoritetsspråklege barn.

Begge desse utviklingsarbeida starta i 2014 / 2015, og skal jobbast vidare med i 2015 / 2016.

I februar 2016 legg me opp til kurs for alle barnehagetilsette i Nordhordland gjennom kursregionen. Tema denne dagen vil m.a. vere:

- Dialogisk lesing. Metode som er velegna både i høve til minoritetsspråklege barn, men og i generell språkstimuleringsarbeid.
- Eit kurstilbod som er nær knytt til kursrekke om *kvalitetsarbeid og endringsleiing* i barnehagen. Dette for å sjå den raude tråden i arbeidet i barnehagen. Vil vere eit tilbod til barnehagelærarar, fagarbeidarar og assistentar.

Alle tilbod om kurs, utviklingsprosjekt m.m vert gjeve til heile barnehagesektoren i kommunen, både kommunale og private barnehagar.



Med helsing

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kompetanseplan 2014 – 2020, barnehagane i Lindås.

Kompetanseplan for Nordhordland kursregion 2014 – 2017.

Mottakarar:
Fylkesmannen i Hordaland